



Sindre Stensletten med tilbudet frå 2003. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Sindre Stensletten, som driv firmaet Kvinnherad Maskinutleige med 'base' i Herøysund, har inngått avtale med kommunen om kjøp av eit område i Børnes nesten seks år etter at han fekk tilbudet av kommunen.

Dette framgår også av avtala, som vart underskriven 18. september av Stensletten og ordførar Synnøve Solbakken.

Det blir opplyst at avtala har sin bakgrunn i tilbud av 18. februar 2003 og stadfesting av samme 3. mars 2003.

Det aktuelle arealet i Børnes industriområde er på 1.763 kvadratmeter og Stensletten betaler 54 kroner pr. kvadratmeter - tilsaman 95.378 kroner.

Som grunnlag for oppgjeret ligg tilbudet frå kommunen i 2003 på 50 kroner pr. kvadratmeter.

Dette er så regulert med konsumprisindeksen som frå 1. mars 2003 til 1. august 2008 har vore 9,3 prosentpoeng.

Stensletten har i den seinare tid leigd eitt mål i Børnes aav ein annan, men har trong for meir plass.

I 2000 kjøpte han det tidlegare vaskeriet i Herøysund og har hatt dette som base sidan, men her er det for liten plass for verksemda hans. Difor spurde han kommunen allereie i 2000 om det var ledige tomteareal i Uskedalen eller Herøysund. I første omgang fekk han negativt svar, men i 2002 kom kommunen tilbake og spurde om behovet. Det oppgav Stensletten og i 2003 svarta kommunen med sitt tilbud som Stensletten sa ja til. Sidan skjedde det ikkje noko - før no.

Av Ola Matti Mathisen